

Helg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 2· Sommar og haust 2019
90. årgang



Fred er eit av dei viktigaste orda i kristendomen

Kva er det viktigaste ordet i kristendomen ?

Om du stiller det spørsmålet til eit knippe vilkårlege folk vil du garantert få mange både gode og ulike svar.

Nokon vil kanskje seie at nåde er det viktigaste, medan andre kanskje vil seie at kjærleik er det viktigaste. Nokon vil kanskje seie at glede er det viktigaste, medan andre vil seie at tru er det viktigaste.

Alle desse orda representerer viktige sider ved kristendomen, og er mellom dei viktigaste orda i religionen vår.

Eit anna ord som er mellom dei aller viktigaste er ordet fred. Fred er det første ordet mennesket møter i kyrkja ved livets start, og fred er det siste mennesket møter i kyrkja ved livets avslutning.

Fred er det første du møter når messa tek til, og fred er det siste du hører når er slutt.

Fred var det første ordet som blei knytta til Jesu komme jolenatt – fred på jorda – og fred var det siste ordet lærersveinane fekk høyre før Jesus forlet dei på helgetorsdagen.

Grundtvig set ord på dette i ein av sine salmar:

*Fred er kirkens velkomstord
Og farvel på denne jord
I vår dåp det en gang lød
Skal gjenlyde i vår død
Fred med dere Herrens fred
Nu og i all evighet*

Den fred som vert omtala her, er ikkje fred i tydinga fråvær av krig. Den fred som dette handlar om, er freden mellom Gud og

Redaksjon

480 85 754 | post@seljordkyrkje.no

Bankgiro: 2711.20.31826

Opningstider

Tys/ons/tor 09-13. Elles treffetid etter avtale. Kontoret kan vera ubemanna på grunn av oppdrag ute.

Kyrkjekontoret

Dag Harald Undheim, Sokneprest
907 78 921 | dag.harald@seljordkyrkje.no

Petter Jakobsen, Ungdomsprest
909 51 409 | petter@seljordkyrkje.no

Jon Svartdal, Kyrkjeverje
917 23 967 | jon@seljordkyrkje.no

Keith Griggs, Kantor
970 09 470 | keith@seljordkyrkje.no

Torill Solli Haugen, Diakon
458 04 585 | torill@seljordkyrkje.no
Fra 15.08.2019

Kyrkjetenarar

Ivar Øygarden
907 84 971 | ivar@seljordkyrkje.no

Eilev Eiesland Bjørge
975 45 943 | eilev@seljordkyrkje.no

Seljord sokneråd

Kristine Nystad | 466 52 462

Flatdal sokneråd


Agnes Byberg Skårnes | 909 49 415

Åmotdal sokneråd

Roar Gjessing | 958 67 866

Heimeside

www.seljordkyrkje.no



Gud skapte fred ved Jesu blod på krossen. (Biletet syner krusifikset i Flatdal kyrkje. Foto: Anders Kvåle Rue).

menneske – den freden som heler det som vart øydelagd på syndefallets dag, og som gjer at porten til det stengde paradiset igjen vert opna. Som Paulus seier, skjedde dette gjennom Jesu død: Gud skapte fred – og fred er her det same som at porten til paradiset vart opna – ved Jesu blod på krossen – Koll 1,20. Og nettopp av denne grunn, lærer Paulus vidare at Jesus Kristus er vår fred – Ef 2,14.

Bibelen lærer at vårt største problem som falne mennesker er at vi lever i ufred med Gud. Difor er bodskapen om at Gud skapte fred mellom seg sjølv og oss – ved Jesu død – evangeliets viktigaste innhold. Ja det er til sjuande og sist nettopp dette som gjer denne bodskapen til eit evangelium – til den gode bodskapen.

Samanslåing av Seljord og Flatdal sokn



Dersom bispedømmerådet seier ja, vil dei tre kyrkjesokna i Seljord bli slått saman til eitt sokn frå 01. januar 2020.

I førre nummer av Helg & Høgtid skreiv me at sokna i Seljord og Flatdal skulle verte samanslått frå og med 01. januar 2020.

Etter at dette vart skrive, har det skjedd litt endringar i denne saka. Åmotsdal sokn har søkt om å få vere med på

samanslåinga. Bispedømmerådet vil handsame denne saka på møte 12. juni 2019. Dersom vedtaket vert positivt, vil alle dei tre kyrkjesokna i Seljord bli slegne saman til eitt sokn frå 01. januar 2020.



Morgedal Rør as

post@morgedalror.no – 35 06 44 55 – Postboks 114, 3835 Seljord

Seljord indremisjon

Hausten 2019 blir det ein kombinasjon av samlingar på sundagskveldar og tysdagskveldar. Det blir bibeltimar og møte med tale og sang, i tillegg er det ei møtehelg med bibeltimar og fellesskapskveld. Tema for haustsemesteret er Livet med Jesus.

Sundag 8. september kl. 19.00.

Lina Sandell-kveld med Øyvind og Herdis Jørgensen.

Tysdag 10. september kl. 19.00. Ekstraordinært årsmøte i samband med nannendring

Sundag 22. september kl. 19.00.

Møte med tale av Terje Olafsen, Normisjon.

Sundag 6. oktober kl. 19.00.

Møte med tale av Jens Iver Jensen.

Tysdag 15. oktober kl. 19.00.

Bibeltime ved diakon Torill Solli Haugen.

Sundag 27. oktober kl. 19.00.

Møte med tale av sokneprest Møyfrid Lunde.

Sundag 3. november kl. 19.00.

Møte med tale og sang av Nils Jørgen Hardang.

Tysdag 5. november kl. 19.00.

Bibeltime med Sam Tore Bamle, Normisjon.

Fredag 15. november kl. 19.00.

Basar, andakt ved Kjell Johan Nenseter.

Fredag 22. til og med sundag 24. november.

Bibelhelg med Kurt Hjemdal. Fredag og sundag møte kl. 19.00, laurdag bibeltime kl. 10.30. Laurdag kl. 18.00 blir det fellesskapskveld med andakt, sang, underhaldning og kveldsmat.

Sjå kunngjering av møta i VTB.

Di stemme tel i Kyrkjebalet

På same tid som det er val til og kommunestyre og fylkesting og i eit vallokale like ved, kan du også stemme fram kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Du kan også stemme på førehand frå 10. august til 6. september. Dette kan gjerast på kyrkjekontoret i Seljord. Sidan vi er så få som sit på kontoret til ulike tider er det best å ringe telefon nummer 917 23 967 for å avtale tidspunkt for stemming.

To val

Kyrkjebalet er to val: Du kan stemme på kandidatar til det lokale soknerådet og til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

Soknerådsbalet er eit fleirtalsval, der du har høve til å gje inntil tre kandidatar ei ekstrastemme. Det er 6 faste medlemmer og 5 vara. Sidan Åmotsdal sokn ikkje greidde å stille liste må Åmotsdal sokn slåast saman med Seljord og Flatdal sokn, som har blitt vedteke samanslått tidlegare. Dette må godkjennast av bispedømmerådet, og endeleg liste til balet i det nye Seljord sokn blir ikkje klar før i slutten av juni. Det må i tillegg til godkjennung av Bispedømmet også gjerast supplerande nominasjon for å få med folk frå Åmotsdal på lista. Dei trengst også for å få mange nok på lista. Dei som har sagt ja til å stå på lista er desse folka, nemnt alfabetisk: **Dag Aanderaa,**

Lars Geving, Margit Gudveig Gravir, Kjell Hartberg, Hans Christian Knudsen, Kari Synnove Skoland Rue, Wenche Skogheim, Agnes Byberg Skårnes, Knut Teigland, Bergit Lisleåsheim Telnes, og Turid Øverbø. Nummerert liste blir lagt ut på heimesida vår så fort den er godkjend.

Ved val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet stiller Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirke lister. Dette er eit forholdstalsval, der den endelige samansetjinga av rådet speglar både kor mange stemmer som gjekk til kvar enkelt liste og til kvar kandidat. Veljarane kan gje ekstra stemme til tre kandidatar og i tillegg flytta over inntil tre namn frå andre lister til den lista dei stemmer på. Rådet tilset blant anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen. Medlemene av bispedømmerådet er også medlemer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkje.

Fyrste veka i august får alle medlemene i Den norske kyrkja eit valkort og ein brosjyre om balet.

Les meir om kandidatane til begge vala på nettsida vår www.seljordkyrkje.no eller på www.kyrkjebalet.no. Godt val!

Takk til Svanhild

Svanhild Rui Gustavsen fylte 67 år den 15.06.2019, og ho pensionerte seg ved utgangen av juni i år. Hadde det ikkje vore for Svanhild så hadde vi nok ikkje hatt nokon diakonstilling i Seljord. Hadde ikkje ho teke utdanning som diakon og kome og hjelpt Seljord kyrkjelege fellesråd med å få til ei diakonstilling, så hadde truleg ikkje Fellesrådet oppretta diakonstilling. Svanhild visste at det er behov for diakonar alle stader, fordi kommunane ikkje leverer slike tenester, og fordi det er behov for eit lågterskel tilbod for personlege samtaler som er heilt gratis. Dessutan driv også diakonen ulike typar aktivitetar, og det har Svanhild starta opp. Ho har jobba som diakon i Seljord i 14 år, og er personifiseringa av diakoni i Seljord. Underteikna vil påstå at det ikkje finst nokon

jobb som Svanhild passar betre til enn nettopp det å vera diakon. Då det blei ledig ei halv diakonstilling i Hjartdal passa det slik at vi slo saman den med diakonstillinga i Seljord og slik fekk til ei heil diakonstilling som Svanhild gjekk inn i i 2016. I det førre nummeret av Helg og Høgtid skreiv vi fyldigare om den jobben Svanhild har gjort då vi varsla om at ho kom til å pensjonere seg. No står det berre att å takke Svanhild Rui Gustavsen for den store og gode jobben ho har gjort som diakon i Seljord og i Hjartdal. Svanhild har ein slik sosial intelligens som er nødvendig når ein skal møte andre menneske på ein personleg måte, og ho har etter mitt syn vist oss kva kyrkja skal vera. Takk.

Jon Svartdal



Diakonens hjørne

Så har tida kome då eg skriv i diakonens hjørne for siste gong! I juni blir eg 67 år, og trer inn i pensjonistenes rekker. Det blir noko heilt nytt, men eg tenker at eg går frå ei glede til ei anna.

I august 2002 vart eg tilsett som sekretær på kyrkjekontoret i Seljord, diakoniarbeider i 2005, og vigsla til diakon i juni 2007.

Det har vore trivelege og interessante år, gode møte med menneske i forskjellige faser i livet.

Å vera diakon på Dyrskuplassen på country- og dansebandfestivalen var ei fin oppleving, i 12 år var vi som Kyrkje ved Gongestoga, og tok i mot dei som hadde lyst på ein kaffikopp og ein prat: og det var mange! Stor takk til festival-leiinga som la alt så fint til rette for oss!

Elles har det vore sjukeheimsbesøk, andaktar, babysang, føremiddagstreff, jolevandring med skule og barnehage, gravferder og besøk i heimane til dei som syns det var ein god ting.

Dei tre siste åra har eg også hatt Hjartdal som arbeidsplass. Det har vore fint å bli litt betre kjent i dei tre bygdene i Hjartdal. Der har vi hatt rusleutar til ymse plassar i kommunen, hatt med niste, prata saman og kosa oss på tur. Som i Seljord, har også sjukeheimen i Hjartdal hatt besøk av diakonen, både ved andaktar saman med prest og organist, og ved besøk til den enkelte bebruar. Og Bingo på mandagar er ein fin måte å vera saman på! Takk til alle som har tatt så godt i mot meg, både i Seljord og Hjartdal kommune, det har vore ei stor glede å bli kjent med dykk alle!

*Må din vei komme deg i møte,
vinden alltid være bak din rygg,
solens lys leke på ditt kinn,
regnet falle vennlig mot din jord,
Og må Guds gode hånd verne om deg
til vi møtes igjen.*

God sommar!

Svanhild Rui Gustavsen



Torill ny diakon

Torill Solli Haugen er tilsett som ny diakon i Seljord og Hjartdal frå 15.08.2019, etter at Svanhild Rui Gustavsen pensjonerte seg. Ho har ei allsidig yrkeskarriere bak seg, hovudsakleg innanfor kristent arbeid. Ho skriv sjølv kva ho har drive med. Ho bur på Skotfoss i Skien, og har tenkt å dagpendle til Seljord og Hjartdal. Ei diakonstilling er til ein viss grad tilpassa lokale tilhøve og personlege eigenskapar og interesser til arbeidstakaren. Torill skal i tillegg til det som er standard diakonoppgåver løyse jobben på sin måte. Ho likar å snakke med folk, og ho likar å tale til forsamlingar. Velkommen til Torill som diakon i Seljord og Hjartdal!

Jon Svartdal

Slekters gang

Døypte

Seljord

Maria Angre
Eivind Kvålo
Pernille Paulsen
Høie
Synne Råmunddal
Sjerve
Eivind Haugland
Skaret
Mikkel Haugen
Versto

Flatdal

Olav Ravnsborg
Juvik Svendsen
Thea Haugan
Tov Tamrat Tofte
Hegni
Eline Thunberg
Aslak Versto
Nora Lønn Solheim
(Svartdal kapell)
Eine Omtveit
Nordstoga

Åmotsdal

Gunnhild Aas
Knut Haugan
Osvald Andersen
Sigrid Guttormsen
Gro Strand Brokka
Ronny Kjosvold
Råmunddal
Geir Are Sydow
Elna Skoland Mo
Eivind Reinstaul
Lars Konrad
Wolden
Aslaug Hildegunn
Rue

Åmotsdal

Sabrina Antonett
Fjærén

Døde:

Seljord:

Gunhild Aas
Knut Haugan
Osvald Andersen
Sigrid Guttormsen
Gro Strand Brokka
Ronny Kjosvold
Råmunddal

Geir Are Sydow
Elna Skoland Mo
Eivind Reinstaul
Lars Konrad
Wolden
Aslaug Hildegunn
Rue

Flatdal

Arnhild Karine Ekre

Åmotsdal:

Eivind Valhovd

MIN SALONG
Damefrisør
Seljord tlf 35 05 02 96

T.TVEITAN %
Brølösvegen, 3840 Seljord
Telefon: 35 05 04 86 – Telefaks: 35 05 04 90


Funnemark
Seljord

Silje Nilsen Østensen kandidat til nytt bispedømmeråd



Silje Nilsen Østensen frå Seljord er kandidat til det nye bispedømmerådet ved kyrkjevalet 9. september 2019.

Silje Nilsen Østensen frå Seljord er kandidat til det nye bispedømmerådet ved kyrkjevalet 9. september 2019. Ho står på den lista som ber namnet Nominasjonskomiteens liste

Silje er 22 år gammal, og er såleis ein av dei yngste på lista. I dag er Silje student ved lærarutdanninga til USN i Porsgrunn. Her hjå oss kjenner me Silje mellom anna frå tida som ungdomsarbeidar i Ønsket & Elsket.

Det betyr mykje for oss i Øvre Telemark å få ein representant i bispedømmerådet. At vår representant i tillegg er både ung og kvinne, er ekstra kjekt.

Lat oss gå saman om å stemme Silje inn i bispedømmerådet.



BYGGMAKKER
Seljord Elektriske
Telefon 35 06 50 00



Flatdal Handlaft as
Telemark
3841 Flatdal
Tlf 350 57005 Mob 971 53661
www.flatdalhandlaft.no



Torill Solli Haugen

- påtroppende diakon i Seljord og Hjartdal

Det er med stor takknemlighet og forventning at jeg tiltrer stillingen som diakon i Seljord og Hjartdal midt i august. Som telemarksjente med aner fra både Bø og Lunde; har jeg sterke røtter i fylket. Seljord var bygda jeg reiste GJENNOM, på vei til ferier i fjellet fra tidlig ungdomstid. Så å slå ned «teltpuggene» der, håper jeg vil bli som å komme hjem!

Jeg bor nå på Skotfoss, hvor jeg har hatt tilhold i 25 år. Der har jeg to voksne sønner, og en mann som har stått ved min side i snart 35 år.

Mitt siste faste arbeidsforhold var seks år som seniorkonsulent for Normisjon. Der hadde jeg koordinerings-ansvar for organisasjonens eldrearbeid, og arbeidssted var hele Norge. Så det ble mange reisedager. Oppgavene var varierte og meningsfylte; med et særlig fokus på undervisning, forkynnelse og sjælesorg. I tillegg var jeg reiseleder til mange av organisasjonens samarbeidsland; både i Europa, Afrika og Sør-Amerika.

Stillingen opphørte i 2017 grunnet en krevende omstillingsprosess med bakgrunn i organisasjonens økonomi.

De siste par årene har jeg vært engasjert i vikariater som diakon; både i Kragerø og i Oslo.

Jeg er altså vant til å være på reise, så å bo på Skotfoss - og ha kontorplass i Seljord – tenker jeg ikke blir så stor overgang.

Jeg ser veldig fram til å kunne bruke evner og gaver i møte med mennesker. For meg er det naturlig å både stå på talerstolen og å møte enkeltmennesket i sjælesorgens rom. Når du har levd noen år, blir det mye gjenkjennelse i både glede og sorger.

I tillegg til å være diakon, har jeg utdanning på hovedfagsnivå i religionsvitenskap, teologi og folkloristikk. Jeg har fordypning i islam og nyreligiøsitet; en utdanning jeg har fått brukt mye som kurs – og foredragsholder over hele landet.

Med særlig tanke på folkeminnegranskningen, synes jeg det blir fantastisk flott å få komme til en bygd som Seljord!

Jeg har hatt en stor bredde i min yrkeskarriere. Startet tidlig i arbeid. Det begynte med misjonstjeneste i Øst-Europa og Sør-Amerika, og det fortsatte i transportsektoren i det private næringsliv. Der ble jeg i tretten år, før jeg startet på min universitets- og høyskoleutdanning. I mange år drev jeg eget firma innen kurs- og foredragshold, og jeg har også fått arbeide som avdelingsleder innen helsesektoren og som lærer i grunnskolen.

Mye forskjellig, men alltid arbeid for og med mennesker.

Jeg har stor glede av litteratur og natur, så jeg leser mye og trives veldig godt når jeg får gå. Bruke beina! De siste årene har det blitt noen pilegrimsvandringer, i tillegg til fjellturer. Ellers reiser jeg fortsatt mye utenlands, og trives veldig godt når jeg får snakke noe annet enn norsk!

Nå ser jeg veldig fram til å bli kjent med folket i Seljord og Hjartdal!

Ser fram til den gode samtalen, og til å få være en medvandrer når livet butter. Til latter og glede, mange gylne øyeblikk!

Jeg håper at jeg skal få anledning til å dele Guds Ord ofte, og jeg ønsker å være der folk er! Så da er det bare å ta kontakt!

Bispevisitas i Seljord

Med jamne mellomrom er det bispevisitas i kyrkjelydane. Då kjem biskopen på vitjing.

Seljord har fått melding om at det skal vere visitas hjå oss i 2020 – nærmere bestemt første veke i september.

Ein visitas krev mykje førebuing. Biskopen ønskjer å gjere seg kjent med tilstanden i det kyrkjelege arbeidet i lokalsamfunnet. I tillegg til dette, ønskjer han og å få innsyn i ulike sider ved livet på den aktuelle staden visitasen blir gjennomført.

Meir om visitasen kjem seinare, men allereie no ønskjer me biskopen velkommen til Seljord.



Biskop Stein Reinertsen kjem på visitas til Seljord første veke i september 2020.

Din møbelbutikk

BoSenteret as

Møbel og teppeforretning
Postboks 44, 3835 Seljord, Tlf. 35 06 53 33

ALT I INNRAMMING

Ring for avtale
eller stikk innom

Om oss, bilder og kart:
www.rammeforum.com

RAMME
F · O · R · U · M

3840 Seljord
Telefon 35 05 02 10



granvin kulturhus seljord

Granvin Kulturhus AS
Nyveg 16 3840 Seljord
Telefon: 35 06 59 90
Epost: post@grankinkulturhus.no
www.granvin.kulturhus.no

Minnesamvær

På Granvin kulturhus kan ein ha små og store minnesamvær, ta kontakt med oss.

Dugnad i kyrkjene våre

I løpet av denne våren har blitt gjort dugnad på alle dei tre hovudkyrkjene våre – Seljord, Flatdal og Åmotsdal.

Det er sokneråda som har vore ansvarlege for dugnadene. Innandørs har det blitt gjort mykje reinhald av så vel veggar som golv og tak og vindauge. I tillegg har det blitt pussa messing og mykje meir.

Når dognadsarbeidet var ferdig, kunne alle kyrkjene møte alle høgtidsdagane i mai i den aller beste stand.

Ved sidan av innandørs dugnad, vart det og utført mykje arbeid på kyrkjegardane.

Tusen takk til alle som var med på dette arbeidet. Neste år kan du og få vere med.



Dugnadsgjengen i Seljord kyrkje



Frå kaffipausen ved dugnaden i Åmotsdal kyrkje.

Fest for frivillige medarbeidarar

Kyrkja i Seljord, Flatdal og Åmotsdal har mange frivillige medarbeidarar. Desse gjer ein innsats som det er vanskeleg å verdsette høgt nok. Utan desse ville det ha vore vanskeleg å drive den kyrkjelege



Fest for frivillige medarbeidarar på Flatdal samfunnshus 23. mai 2019.

verksemda vår.

Kyrkjeleiinga i Seljord tek det ikkje for gjeve at denne gruppa stiller trufast opp. Difor skipar me i blant til ein fest for dei frivillige.

For ikkje lenge sidan hadde me ein slik fest på samfunnshuset i Flatdal. Heile 40 stykker var til stades på denne samlinga. Dei tilsette i kyrkja sto for det praktiske – servering og program.

Har du lyst til å vere med som frivillig medarbeidar? Gje beskjed til ein av oss tilsette, så vil det heilt sikkert vere bruk for deg og dine evner og eigenskapar.

Korsvei-festivalen kommer!

For tolvt gang skjer det: Dyrskuplassen inntas av den samfunnsengasjerte og tverrkirkelige bevegelsen Korsvei. Det starter 16. juli, og byggdefolket er velkommen! De siste festivalene i har over 2000 mennesker tatt turen fra ulike kanter av landet for å møtes i Seljord. Annethvert år lar vi sirkusteltet reise seg for å ha familiegudstjenester, bibeltimer, konserter og mye annet kvalitetsprogram i den lille uka festivalen varer. I år er det pastor Peter Halldorf og biskop Kari Veiteberg som gir bibeltimene for voksne, og overskriften vi samles under er «Håpet har et ansikt». For Korsveivandrerne er det Jesu ansikt som først og fremst er vårt håpsansikt. Bevegelsens fire veivisere starter med å si at vi vil følge Jesus Kristus. Så heter det at vi vil bygge fellesskap, leve enklere og bygge rettferd. Kjernespørsmålet i bevegelsen er dette: Hva vil det si å være en Jesu disippel i begynnelsen av det 21. århundre?


Når vi i 2019-festivalen setter håpet i sentrum, er det fordi vi ser at det skjer mye i vår tid som gir grunn til uro. På festivalens folkemøte på fredag 19. juli kl.

13.30 (Ridehallen) vil vi ta opp hva slags reaksjoner vi som kristne kan velge i møte med utfordringene – og hvor vi kan hente håp og mot. Fredagsprogrammet på festivalen har også en godbit: En artist av et visst format skal få spille i sirkusteltet vårt: Moddi – den særprega visekunstneren fra Senja. Han skal spille sammen med pianist Andreas Utne, og sangene vil være henta fra prosjektet «Unsongs», blant annet. Her blir det altså spilt vakre og tankevekkende sanger som en gang har blitt sensurert. Utne spiller også kvelden før - sammen med saksofonisten Trygve Seim i en stemningsmetta konsert i Seljord kirke: Torsdag 18. juli kl 22.30. Begge disse konsertene er på topp nivå – følg med på nettsida vår, www.korsvei.no for å kjøpe billetter!

Gudstjenester i ulike former er kjernen i programmet på Korsvei. Det er tidlig morgenbønn i keltisk tradisjon, kveldsbønn med Taizé-musikkens preg, og hver morgen kl 10 samles hele familien til festivalens «spesialgudstjeneste. Bokhandelen Bok



Kristuskransen i Fjoset



Vi ønsker velkommen!
Telefon: 35 05 21 43

og Media tar med seg litteratur som ellers sjeldent er å få over disk midt i Telemark og Fairtradebutikken Allverdas har håndverksprodukter fra land og folk som trenger at vi handler med dem.

Vi har tradisjon for å slippe lokale folk gratis inn på enkeltposter i programmet, men vi vil be om at alle besøkende tar en tur innom Festivalkontoret for å kjøpe

et festivalhefte (minimumspris kr. 50,-) eller gi en gave til Korsveis arbeid. Om du vil spise måltider sammen med Korsveifarerne, og/eller delta på større deler av programmet, trenger vi en påmelding på www.korsvei.no. Velkommen på festival – og takk for at vi får kjenne oss så velkomne i vakre Seljord!



Messe på Uppigard Natadal

På same viset som i fjor, vert det også i år messe på Uppigard Natadal.

Messa skal haldast søndag 21. juli kl 12:00. I tillegg til kyrkjeleg program, vert det omvisning på staden.

Det vert ein enkel servering.

Velkomen til Uppigard Natadal.



Velkommen til messe på Uppigard Natadal
21. juli kl 12:00.

Velkommen til dåp i Seljord, Flatdal og Åmotsdal

Kjære foreldre.

Gratulerer med det nyfødte barnet!

Vi i Seljord, Flatdal og Åmotsdal kyrkje-lydar vil gjerne dele gleden med dere og ønsker velkommen til dåp i Seljord kyrkje, Flatdal kyrkje eller Åmotsdal kyrkje (eller i kapella i Manndal, Svarddal eller på Nutheim).

Tidligere fikk kirkekontoret tilsendt fødselsmeldinger fra sykehusene slik at vi kunne sende invitasjoner til de nybakte foreldrene, men det har vi ikke anledning til lenger på grunn av personvernloven.

Når

De fleste døpes i løpet av de tre første månedene, men noen barn er eldre. Og nesten hvert eneste år har vi dåp av konfirmanter som ikke ble døpt som barn, men som velger å tilhøre kirken gjennom dåp og konfirmasjon.

Hvordan

Når dere har bestemt dere for dåp, går dere inn på nettadressa seljordkyrkje.no/livets-gang og registrerer opplysninger der. Her ser dere hvilke datoer som er aktuelle for den enkelte kirke.

Valg av navn

Barnets navn registreres i Folkeregisteret, før dåp.

Faddere

Barnet må ha to til seks faddere. Disse må være over 15 år (eller konfirmant) og skal normalt være medlem i Den norske kirke. Å være fadder innebærer å hjelpe barnet til kristen tro, men det viktigste er å ha omsorg for det. Fadderne kan gjerne bidra med tekstslesing eller

andre gjøremål under dåpen.

Dåppssamtale

Etter at ønsket om dåp er registrert, får dere en bekreftelse på dette og blir invitert til dåppssamtale med presten.

For spørsmål ta gjerne kontakt med de ansatte på kirkekontoret som ligger i 2. etasje på Brøløsvegen 48, eller via tlf og e-post. Se gjerne også Den norske kirkes hjemmeside, www.kirken.no/dåp.

«Fylt av glede over livets under,

med et nyfødt barn i våre hender,

kommer vi til deg som gav oss livet,

kommer vi til deg som ga oss livet.»

Dåppsalme 586 i Norsk salmebok

(Denne teksta er lånt av kyrkjebladet til Sauherad og Nes. Sokneprest Anne Inger Lunner har skrevet den. Teksta er redigert på dei plassane ho bryt over til nynorsk. Redigeringa er gjort av Dag Harald Undheim.)



Far og son – Ove og Eivind – etter dåpen.

Fotograf: Tonje Vibeto.



Biletet er frå dåp av Eivind Haugland Skaret, i Seljord kyrkje 31. mars 2019.
Fotograf: Tonje Vibeto.

Bildet på fremsiden er Dåp av Eivind Haugland Skaret,
i Seljord kyrkje 31. mars 2019. Fotograf: Tonje Vibeto.

BYGMESTER T.A. GUSTAVSEN AS



TLF. 975 17 817



byggmester@live.no

Aut. Installatør

Dyrud Elektro AS

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80
www.dyrud.no post@dyrud.no



Når du trenger elektriker

FØREMIDDAGSTREFF I FLATDAL Haust 2019

Flatdal Bedehus 11. september
Sion 9. oktober
Flatdal Bedehus 6. november
Sion 4. desember
*Med helsing Pinsemenigheten Sion,
Flatdal Misjonslag/ Flatdal sokneråd
Treng du skyss? Ring Knut Liestøl
35050081*

FØREMIDDAGSREFF PÅ SELJORD MISJONSHUS

Haust 2019

Dag: Fredag
Tid: kl. 11.00
27. september
25. oktober
29. november

Med helsing Seljord sokneråd

FØREMIDDAGSTREFF PÅ STEINMOEN I ÅMOTSDAL

Haust 2019

Dag: Fredag
Tid: kl.11.00
6. september
8. november

*Med helsing Pinsemenigheten Betel,
Steinmoen Bu – og servicesenter og
Åmotsdal sokneråd*

FØREMIDDAGSTREFF PÅ SION I LANGLIM

Haust 2019

Dag: Mandag
Tid: kl.11.00
23. september
25. november

*Med helsing Betel Åmotsdal og Åmotsdal
sokneråd*

Kyrkja på nett

Internet vert gjerne kalla motorvegen eller hovudvegen for informasjon i vår tid.

Kyrkja i Seljord er på nett, på hovudsakleg to måtar: Me har eiga heimeside, og alle dei tre kyrkjessokna våre har profilside på nettsamfunnet Facebook.

Heimesida vår har til ein kvar tid oppdatert liste over når og kvar det skal vere messe. Dessutan vil du her finne moglegheit til å melde dåp, lese siste nummer av Helg & Høgtid m.m.

Kyrkja si heimeside finn du på adressa www.seljordkyrkje.no, medan kyrkjessokna sine facebooksider kan du finne ved å søkje på den aktuelle kyrkja sitt namn.

Bruk sidene våre du og, og kom gjerne med innspel på saker du vil me skal gje omtale.



Circle K Seljord

Varm mat • Bilvask • Tipping
Dekkverksted • Gass

Tlf. 35 05 04 88

Brøløsvegen 29, 3840 Seljord

Valg av leke medlemmer til bispedømmeråd og Kirkemøtet – AGDER OG TELEMARK BISPEDØMME (8.-) 9.september 2019

Nominasjonskomiteens liste

Navn, fødselsår, stilling, Boststed poststed

1. Markus Westermoen, f. 1975, Ingeniør, Kristiansand
2. Torun Heier Sødal, f. 1961, Lærer, Kristiansand
3. Turid Torland Håland, f. 1966, Regnskapskonsulent, Lyngdal
4. Rolf Halvard Heimdal, f. 1951, Pensjonist, Stathelle
5. Simon Ellingsberg, f. 1984, Rektor, Hægeland
6. Silje Nilsen Østensen, f. 1997, Student, Seljord
7. Lars Sæland Lauvhjell, f. 1950, Pensjonist, Søndeled
8. Sissel Annette Marthinsen, f. 1971, Lektor, Farsund
9. Shelly Byholt Rigby, f. 2001, Student, fotograf, Nedenes
10. Gerd Vigdis Slettedal, f. 1951, Pensjonist, Øvrebo
11. Atle Olav Ljåstad, f. 1948, Pensjonist, Kragerø
12. Ståle Ryste, f. 1969, QA-Koordinator, Stathelle
13. Emilie Rolstad Bjørnholmen, f. 2001, Elev, Lillesand

Bønnelista

Navn, Fødselsår, Stilling, Boststed poststed

1. Håkon Kolstad Varhaug, f. 1996, Snekker, byggmester, Holum
2. Gerd Ruth Rosland Nordstrand, f. 1959, Tidl. selvst. næringsdrivende, Holum
3. Martin Birkedal, f. 1951, Adm. leder, Høvåg
4. Elisabeth Hyldmo Landsverk, f. 1954, Husmor, kunstner, Stathelle
5. Anna Kile, f. 1988, Jurist, Kristiansand
6. Martin Ellingsen, f. 1993, Miljøarbeider, Vennesla
7. Inger Dalen Lia, f. 1945, Pensjonist, Skien
8. Linda Elle Haraldsson, f. 1990, Sykepleier, Søgne
9. Bergsvein Often Normann, f. 1938, Pensjonist, arkitekt, Grimstad
10. Arild Breda Gulbrandsen, f. 1959, Selvst. næringsdrivende, Søgne

Åpen folkekirkes liste

Navn, Fødselsår, Stilling, Boststed poststed

1. Kai Steffen Østensen, f. 1994, Samf. planlegger, student, Vanse
2. Terje Damman, f. 1958, Fylkesordfører, Mandal
3. Ingvild Sommerfelt, f. 1992, Sykepleier, student, Risør
4. Odin Adelsten Aunan Bohmann, f. 1985, Fylkessekretær, Skien
5. Torunn Tørå, f. 1945, Pensjonist, Nedenes
6. Odd-Inge Rønning Uleberg, f. 1967, Kommunikasjonsrådgiver, Vennesla
7. Solveig Nordkvist, f. 1943, Pensjonist, Nodeland

8. Ingrid Cecilie Engel Sødal, f. 1985, Psykolog, Kristiansand

9. Sidsel Beate Kløverød, f. 1954, Pensjonist, Skien
10. Per Gunnar Disch, f. 1963, Førstelektor, Porsgrunn
11. Hallgeir Oskar Gjelsvik, f. 1953, Pensjonist, fysioterapeut, Nedenes
12. Solveig Botnen Eide, f. 1956, Professor, Lillesand
13. Dag Øyulf Vige, f. 1951, Næringsdrivende, Kristiansand
14. Bjørn Erik Høgseth, f. 1948, Pensjonist, lærer, Skien
15. Naja Amanda Lynge Mørentrø, f. 1996, Student, Kristiansand

BABYSANG – Høst 2019

Velkommen til babysang på Misjonshuset i Seljord (like ved ungdomsskulen). Her får du og barnet ditt anledning til å slappe av og kose dykk saman. Me vil synge, le, prate og ete.(Mat blir servert)

Dagen er: onsdag

Tid: 11.30

Datoane er :

- 4. september
- 18. september
- 2. oktober
- 16. oktober
- 30. oktober
- 13. november
- 27. november



VELKOMMEN!

Helsing frå Kyrkja i Seljord v/Torill / soknediacon

Viss du lurar på noko, ring Mobil: 458 05 585

*Hjarteleg takk
til alle som besøkte oss og sende
blomar og helsingar i 2018.
Helsing avdelingane innan pleie og
omsorg, Seljord kommune*

*Hjarteleg takk
for minnegåva som vart gjeven ved
Kristian Torp-Hansen si gravferd.
Helsing tilsette ved heimesjukepleia
i Seljord kommune.*

Fjellmesse på Sneie i Åmotsdal

Tradisjonen tru skal det også denne sumaren vere fjellmesse i Åmotsdal.

I år skal slik messe arrangerast på Sneie. Om du ikkje veit kvar Sneie er, så ligg det på same staden som Eva Bull Holtes museum i Åmotsdal. Køy til Åmotsdal, passer kyrkja, og fortsett nokre kilometer til du kjem til museet.

Messa skal vere søndag 14. juli, og byrjar kl 12,00. Etter messa, og litt kulturelt program, vil det vere høve til å kaupe mat og kaffe på museet, og sjølvsagt og mogeleg å sjå utstillinga deira.

Velkomen til messe i Åmotsdal.



Velkomen til messe på Sneie i Åmotsdal
14. juli kl 12:00.



AASMUNDSEN BAKERI

FLATDAL - TELEFON 35 06 53 00

Alt i bakevarer

Tysdagsklubben; moro for store og små

Ein gong i månaden møtest me på Misjonshuset i Seljord. Ungane kjem rett frå barnehage og SFO. Difor startar me alltid med eit varmt måltid for både born og vaksne. På menyen står det både lapskaus, suppe, pølse og potetmos, graut og pizza. Det vert ofte fullt rundt borda dersom alle dei 23 ungane og ein god del vaksne er til stades.

Etter måltidet, er det tid for Bibelforteljing og song. Nokre gonger brukar me flanellograf eller andre biletar, andre gonger hender det at me leikar noko av det som blir fortalt om Jesus.

Som regel har me ein hobbyaktivitet der ungane lagar ulike ting som dei får med seg heim. På desembersamlinga har me alltid juleverkstad der kvart barn kan lage to-tre ting til pynt eller julegåver. Til



Glimt frå sommaravslutninga til Tysdagsklubben i mai 2019.

denne samlinga ber me inn 1.klassingane særskilt. Dei får eige brev om dette.

På nyåret har me ein filmkveld med pizza og popcorn. Då vert 2.klassingane innbedne.

Me har halde på med denne kubben i nokre år no, og gler oss over at det framleis møter opp ungar og vaksne til desse samlingane.

Det kostar 50,- kr pr barn for eit heilt år å vera med på Tysdagsklubben.

På biletet ser me nokre av dei som var på sommaravslutninga i mai.

Vel møtt for alle frå 4 til 100 år til hausten!

Helsing Kristine Nystad, Anne Karin Nenseter, Kari Synnøve Skoland Rue og Bergit Lisleåsheim Telnes



Eit tilbod til familiar med barn i barnehage- og skulealder.
Felles måltid med mat til barn og foreldre, samling for barna med aktivitetar, leik, Bibelforteljing og song.

HAUSTEN 2019:
Tysdag 17.september
Tysdag 15.oktober
Tysdag 12.november
Tysdag 03.desember

Kl. 16.30 – 18 på Misjonshuset
(like ved Ungdomsskulen)

DEN NORISKE KIRKE
Daglig leiar

Gudstenester

2.s. i treeiningstida-23. juni

Åmotsdal kyrkje kl. 15.00

Pilegrimsgudsteneste

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Avskjed med diakonen.

3.s. i treeiningstida – 30. juni

Flatdal kyrkje kl. 11.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

4.s. i treeiningstida – 7. juli

Seljord kyrkje kl. 11.00

Offer: NLA

5.s. i treeiningstida – 14. juli

Fjellmesse på Sneie i Åmotsdal

kl. 12.00

Offer: Helg og Høgtid

Aposteldagen/6.s. i treeiningstida

-21. juli

Friluftsmesse på Natadal i Flatdal
kl. 12.00

Offer: Kirkens Bymisjon i Telemark

I samband med Korsvei-festivalen
er det gudsteneste på Dyrskuplassen
21. juli kl. 11.00

7.s.i treeiningstida – 28. juli

Inga messe

8.s i treeiningstida – 4. august

Seljord kyrkje kl. 11.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

9. s i treeiningstida – 11. august

Flatdal kyrkje kl. 11.00.

Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

10 s. i treeiningstida – 18. august

Seljord kyrkje kl. 11.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

11.s. i treeiningstida -25. august

Manndal kapell kl. 11.00

Grautmesse

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

12. s. i treeiningstida – 1. september

Åmotsdal kyrkje kl. 11.00

Offer: Misjonsprosjektet NMS

13.s. i treeiningstida – 8. september

Flatdal kyrkje kl. 11.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Vingardssøndag / 14.s i treeiningstida.15. september

Dyrskuplassen kl. 11.00.

Offer: Kirkens Nødhjelp

15.s. i treeiningstida – 22. september

Inga messe

16.s. i treeiningstida-29. september

Seljord kyrkje kl. 11.00

Offer: Misjonshuset

17.s. i treeiningstida-6. oktober

Flatdal kyrkje kl. 11:00

Haustakkefest m/ utdeling av mi

Kyrkjebok til 4-åringar.

Offer: Barnearbeidet

18.s.i treeiningstida – 13. oktober

Inga messe.

19.s. i treeiningstida – 20. oktober

Seljord kyrkje kl. 11.00

Offer: Tv- aksjonen

Gullkonfirmantfest etter gudstenesta

Bots – og bønnedag – 27. oktober

Flatdal kyrkje kl. 11.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Allehelgendsdag – 3. november

Seljord kyrkje kl. 19.00

Me les namna og tener lys for dei
som er gravlagt i Seljord, Flatdal og
Åmotsdal sidan sist Allehelgendsdag.

22.s. i treeiningstida – 10.november

Flatdal kyrkje kl. 11.00

Offer: Helg og Høgtid

23.s.i treeiningstida –17. november

Seljord kyrkje kl. 11.00

Utdeling av adventshelsing til 5 -
og 6-åringane

Offer: Kirkens Bymisjon i Telemark

Domssøndag / Kristi kongedag

- 24. november

Åmotsdal kyrkje kl. 17.00

Ljosmesse. Utdeling av
adventshelsing til 5 - og 6-åringane.
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

1.s. i advent – 1. desember

LysVaken gudsteneste

Flatdal kyrkje kl. 11.00

Utdeling av adventshelsing til 5 -
6-åringane.

Offer: Barnearbeidet.

Seljord kyrkje

Flatdal kyrkje

Åmotsdal kyrkje

Manndal kapell

